

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fleire

Emne: Dei "Kloke"

Bygdelag: Haukdal

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Haukdal

(adresse): Snöan

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Samtale med mange.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I arbeidet med samling av tilfang til NEG og til Norsk Folkeminnesamling har det komi fram mange forvitnelege tång som nok treng nærare gransking.

Av blodstemmarar og folk som kunne meir enn vanleg når det gjeld å lækja sjukdommar har eg slumpa frammi mange.

Skal ta dei slik dei kjem i det eg har samla.

I Soknedal: Litj-Fvøseten kunne gjera for sjukdommar både på folk og fe. Levde sist på 1800-talet. Han var da gammal. Henrik Solem kunne også stemma blod. Sist på 1800.

I Stören: Granmokallen. Han kunne gjera for mange slag sjukdommar. Han var også vidkjend blodstemmar.

I Horg: Haldo Gråndalslökkjen var kjend for å gjera for mange slag sjukdommar. Han kunne stemma blod.

Om dei to siste er det fortald at dei stemde blod på martnan i Stokmarknes. Det er mest truleg at det er den siste som gjorde dette av di han var rokkmaker og ein veit sikkert at han var til denne martnan med rokkane sine. Soga om dette står i ei samling som er send til Norsk Folkeminnesamling. Hendinga er frå 1870-80-åra.

Röros: Rosbach-Maria gjorde for sjukdommar både på folk og fe. Noen oppskrifter etter henne fins. Har eit par av dei.

Det meste av oppskriftene hennar fekk Petnilla Harsjøen. Ein heimelsmann har lova meg at han skal skaffa fram det som fins att av dette.

Ola Gropen var også vidkjend for evnene sine. Han stemde blod og gjorde for mange slag sjukdommar både på folk og fe. Nykje av det han gjorde har eg skrive ned, og det blir meir etter kvart. Noko er i den samlinga som er senda inn til Norsk Folkeminnesamling. Meir kjem i neste samling.

Skotten frå Skottgården i Brekken kunne også stemma blod. Han blir kalla gammalskotten i dagleg tale.

Når det gjeld desse kloke har eg nok så vidt samleområde da eg fer alle bygder oppetter Gauldal og kring Röros. Noko fins det over alt. Berre ein rakk over det.

Samekona Marit Kant var også velkjent. Ho fekk kyrne til å gå heim att om dei var aldri så leie til å liggja borte. Råder for sjukdommar visste ho også.

Jens Haukdal

15712